



Kultur- og likestillingsdepartementet

Vår dato: 19.12.2023  
Vår ref: 2023/7442  
Dykkar ref:

## Innspill til handlingsplan for deltagelse i kultur-, idretts- og friluftslivsaktiviteter

Stord kommune har vore i dialog med ulike lag og organisasjonar. Under er innspela samla.

### **1. Kva er det viktigaste din organisasjon/institusjon kan gjera for å inkludera enda fleire barn og ungdom i kultur?**

**Frå Sagvåg skulekorps:** vera synlege i lokalmiljøet og visa at me har eit mangfaldig og inkluderande fellesskap, og at me er politisk og religiøst nøytrale. Me vil og visa fram verdien av å spela eit instrument, og kunna samhandla og samspela med andre. Me må nå ulike aldersgrupper og ikkje minst synleggjera for vaksne at korps er ein trygg og utviklende hobby. Me treng og at korps vert framstilt som positivt i media.

**Frå Rommetveit skulekorps:** samarbeida med grunnskulen om aktivitetar som «Blås i skulen», som er eit prosjekt der alle elevar på 3-4. trinn får innføring i kornettspeling og tilbod om å bli med øvingar med skulekorpset. Viktig og godt samarbeid mellom skule og korps.

**Frå Stord ungdomsråd:** Me i ungdomsrådet tenker det er viktig å reklamere og promotere godt for det som skal skje. Her brukar ungdommar mykje sosiale media, så dette er ein plattform det går ann å reklamere på. Det er òg viktig å gjennomføre aktivitetar som barn og unge er interessert i, og å invitere til ulike aktivitetsdagar der ein kan prøve ut ulike aktivitetar.

**Frå idrettslaget Trott:** halde låg kontingent, tilby gode anlegg, godt samarbeid med kommune for å halde kostnader nede, god organisering,

**Frå Idrettslaget Solid, symjegruppa:** Her må me jobbe for å ha så bredd tilbod som mogleg! Men me må også jobbe for å halde kostnadane nede! Detter dei to viktigaste føringane me driv etter. Me treng også stadig fleire frivillige for å opne opp nye parti.

**Frå Norsk folkehjelp, Stord:** Det å invitere til opne og gratis aktiviteter for alle gjer at deltaking er lettare og attraktiv for alle. Me når fram til barn og ungdom som av ulike grunner ikkje er med på organiserte aktivitetar. Aktivitetene må vere relevante til målgruppa og basert på aktuelle behov og tilpassa for diverse utfordringar som kan

Eining for kultur

Kulturhuset

5402 post@stord.kommune.no

Org. nr 939 866 914

Telefon:

vere i veien for deltaking. Målgruppa må få rom å delta/medverke innhold av aktivitetene. Det er viktig at det er både organiserte aktiviteter med påmelding og faste drop inn aktiviteter der ein kan bli med når det passar og kan også ta med ein venn.

**Administrasjonen i Stord kommune:** Kommunen har i samarbeid med frivillige lag og organisasjoner utarbeida ein Frivilligstrategi:

<https://pub.framsikt.net/plan/stord1/plan-26054233-c527-4a90-b2cb-ced9346678b6-19650/#/> Frivilligstrategien skal synleggjera korleis kommunen kan bidra til betre samarbeid, meir føreseielege rammer og auka kompetanse på tvers av sektorar.

Strategien skal innehalda mål for samarbeidet mellom frivillige og Stord kommune, og legga føringer for årlege handlingsplanar med konkrete tiltak.

Etablering av Fritidskasse som ei behovsprøvd ordning som gjev økonomisk støtte til deltakaravgift, utstyr og/eller reiser, cupar, leirar med meir for barn og unge i alderen 5 – 24 år, og som bur i Stord kommune. Ordninga er støtta av Bufdir.

Kommunen må også arbeida systematisk med infrastruktur og kollektivtilbod, trygge og gode gang/sykkelvegar.

## **2. Kva treng din organisasjon/institusjon for å inkludera enda fleire barn og ungdom i kultur?**

**Sagvåg skulekorps:** Me treng utstyr og kompetanse av ein viss kvalitet. Å drifta eit skulekorps krev ressursar både i tid og kroner. Kostnadsnivået er relativt høgt m.a. grunna instrumentpark som innimellom må fornyast. Driftskostnadene til instruksjon er og sentralt. Noko vert gjort på dugnad, men direksjon og instruksjon krev fagkompetanse, og det må ein naturleg nok betala for. Årlege tilskot som me kan forvalta sjølv vil absolutt vera å føretrekkja, for me veit korleis midlane vil koma våre medlemmer best til nytte og gode.

**Rommetveit skulekorps:** Meir og tettare samarbeid mellom skule, kulturskule og skulekorps. Betre og meir føreseieleg økonomiske rammer, slik det vert mindre søknadsskriving.

**Stord ungdomsråd:** Stønad og plass å vera, samt tilgang til ulikt utstyr som blir brukt i ulike aktivitetar. Når det gjeld kultur kan me samarbeide med ulike lokale band/musikarar som kan underhalde med musikk.

**Frå idrettslaget Trott:** engasjerte foreldre, og ein ja-kommune.

**Frå idrettslaget Solid, symjegruppa:** Betra samhandling med kommune. Kommunen bør setje seg inn i behov, nivå og ynskje og vere på tilbodssida. Ein bør også legge til rette for organisert aktivitet før offentleg aktivitet. Kommunen burde hatt informasjonsmøter om inkludering. Opplyst lag og foreiningar om kor ein kan søke midlar til kva, for å kunne setje i gong nye tilbod som er inkluderande for alle samfunnslag. Me treng også eit godt samarbeid med næringslivet. Utan tilførsel av friske midlar kan me ikkje halde både aktivitetsnivået oppe og kostnadsnivået nede.

**Frå Norsk folkehjelp, Stord:** Gratis utlån av lokale i kommunen gjer at me kan bruke midlar på sjølve aktivitetane og målgruppa. Dette er kjempeviktig i sommarferie. Mange skular er stengt, stor tap for samfunnet at store sentrale lokale stenger dørene når barn og ungdom treng det mest. Å opne skulebygg/gratis utlån og bruk til frivillige lag og organisasjoner i skuleferiar sikrar at barn og ungdom har ein plass å vere, nokon å vere i lag med og noko aktivitet å delta i. Det er kjempeviktig å ha god kommunikasjon med BUA for utlån av utstyr til aktivitetar og turar. Me treng at det er nok frivillige - i samsvar med målgruppa og aktivitetar. Sist og ikkje minst

me treng at det er fleire kjelder å søke om økonomisk støtte for å organisere inkluderande gratis aktivitetar.

**Administrasjonen i Stord kommune:** vidareføring av Fridtiskasse-ordninga. Oppretthalde BUA-ordninga og styrkja arbeidet til Frivilligsentralen. Nytt kompetanse som finnes i kommunen til ulike kurs/foredrag m.m. Bistå laga/organisasjonane meir i arbeidet med søknadar, samt bli enda betre på informasjon. Vurdera nye retningslinjer i forhold til leige/lån av kommunale bygg.

**3. Kven treng de å samarbeide med for å inkludera enda fleire barn og ungdom innan kultur? Og kva skal til for at de finn saman?**

**Frå Sagvåg og Rommetveit skulekorps:** Me treng i større grad å få til samarbeid med skulane i våre krins. Me treng at korps, på lik linje med idrett, vert framsnakka. Me ynskjer og å få visa oss fram i skuletida.

**Frå Stord ungdomsråd:** Ulike idrettslag, Fritidsklubbane på Stord, Kulturskulen/kulturhuset.

**Frå Idrettslaget Trott:** ein engasjert kommune

**Frå idrettslaget Solid, symjegruppa:** betre og meir samarbeid med kommunen, idrettslag/symjeklubbar i nabokommunar, andre lag og organisasjonar.

**Frå Norsk folkehjelp, Stord:** Me er avhengig av godt samarbeid med kommunen, frivilligsentralen, bua, kultur eininga, og andre frivillige lag og organisasjonar i kommunen. Det også aktuelt å samarbeid med SLT-koordinator og politiet.

Med helsing

Anne Lene Østvold Jordåen  
Einingsleiar, kultursjef

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift